

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

www.hardangerviddagrunneigar.no

nbjoer-v@online.no

HG-NYTT

Nr. 40, september 2018

Red.: Nils Bjørn Vistad

05.09.18

Ny forvaltingsordning på Hardangervidda

Som nevnt i forrige HG-Nytt (nr.39) blir det arbeidd med å få på plass ei ny organisering av det offentlege forvaltingsregime,- helst slik at det blir mest mogleg lik opplegget i andre nasjonalparker/villreinområder. I praksis tyder dette helst eitt sams nasjonalparkstyre for alle tre berørte fylke,- i motsetnad til i dag då vi har ein «tredeling» (Tilsynsutval i kvart fylke).

Fylkesmennene har fått eit utredningsoppdrag frå Miljødirektoratet som er så tydeleg på nett eitt overordna styre, at FM ikkje ser noko rom for andre løysingar enn å basere seg på dette. Det er FM Hordaland som har fått sjølv utreiingsansvaret. Det er alt ført i pennen av seniorrådgjevar Stein Byrkjeland, i samråd med kollegaene miljøsjef Kjell Kvingedal og rådgjevar Øistein Aasland. For tida er utreiingsnotatet til «godkjenning» hjå dei andre to Fylkesmannsembetene (Telemark og Buskerud).

På fulltallig styremøte (15.08.18) deltok Byrkjeland (FMHO) og orienterte om saka. Frå dette kan nemnast:

- Mykje likt det same som vart presentert på Finsemøtet i vår.
- Vektlegging av at Hardangervidda er einaste område med slik organiseringsstruktur som ein har i dag.
- Det er klart for lite pengeressursar til å drifte dagens ordning,- og klargjort utover all tvil at ein ikkje kan pårekne meir pengemidlar frå sentralt hald med ordninga i dag (3 TU-utval). Derimot kan ein pårekne vesentleg meir ved ny organisering!!
- Fylkesmennsembetene har ikkje «friske midlar» å supplere med.
- Framlegget går ut på etablering av eit overordna felles nasjonalparkstyre og 2 forvaltingsknutepunkt (Skinnarbu og Eidfjord?) samt 1 nasjonalparkforvaltar i kvart fylke.
- Ein slik modell vil koste omlag 3,2 mill.kr (mot TU-ordninga i dag til ca 1,2 mill.kr.
- Notatet har også framlegg om 3 rådgjevande utval (utan finansiering),- 1 i kvart fylke.
- Byrkjeland ga uttrykk for at FMHO var i praksis tilfreds med ordninga i dag, men mandatet gav ikkje rom for slik vidareføring (dei rådgjevande utval blir då ei rein «plastring».

Etter orienteringa til Stein Byrkjeland hadde HG sine styremedlemmer ein kort runde med primærspunkt. Vebjørn Haavardsrud deltok frå Fjellstyra.

- Hol: Nøgd med ordninga i dag. Kanskje vil ny ordning fungere. Forsiktig optimist.
- Odda: Hadde også helst sett vidareføring av dagens system.
- Nore og Uvdal: God fornøgd med gammal modell. Ukomfortabel med tap av dagens Tilsynsutval. Viktig med lokal forvaltingsmynde og god lokalkunnskap.
- Eidfjord: Har hatt det OK med dagens modell.
- Tinn: Det er av avgjerande viktighet med «rett» person som forvaltar/sekretær og at «rette» personar går inn i nasjonalparkstyret.
- Fjellstyra (FH): Fjellstyra ville fortsatt med dagens ordning, men registrerer mangelfull finansiering. Eit minimumskrav å ha 3 forvalterar og 2 lokale/rådgjevande utval i tillegg til eit sentralt nasjonalparkstyre.
- Vinje: Ville hatt alternativet til Enerstvedt/Lund (det er avvist, og blir difor ikkje kommentert her). I Vinje er alt betre enn ordninga i dag. Det viktige er at det blir lik handsaming/praksis i alle fylker (slik opplever ein det ikkje i dag).
- Ullensvang: Ville hatt dagens ordning, men ser at ny ordning tvingar seg fram. Skeptisk til reindyrka politisk nasjonalparkstyre,- som fort vil kunne gje nasjonalparkforvalterane urimeleg tyngde. Absolutt krav til rådgjevande lokale utval.

Sluttmoment:

- Byrkjeland oversender «sluttnotat» til sekr i HG, for vidare distribusjon.
- Sekr. utarbeider notat som innspel i høyringsrunden, m.a. i høve kommunane m.v. HG og FH blir truleg sammen om dette.
- Kommunane blir avgjerande viktige aktørar i sluttspelet i saka.
- Fokus på rådgjevande utval, men mest truleg blir ikkje desse eksternfinansiert.
- Forskjellshandsaminga er ikkje nok vektlagt av FM.

Nils Bjørn Vistad
